

Bjørn Brunborg AS

Voss Kommune
Tekniske tjenester v/planavdelinga
Postboks 145
5701 Voss

Innspel til områdereguleringsplan for Vossevangen, planid 2018001

Det er bede om innspel til arbeidet med ny reguleringsplan for Vossevangen. Det blir vist til tidlegare samtalar.

Bjørn Brunborg AS har eigarskap til fleire eigedommar på Vossevangen. Desse kan utviklast for å bidra til å gjera Vossevangen til ein meir attraktiv stad.

Bjørn Brunborg AS meiner at for å bli ein attraktiv stad, må Vossevangen få ein klar visjon om å bli menneskevennleg.

Bakgrunn:

Reguleringsplanen for Vangen blei laga i ei tid då planleggjarane hadde lite bevisst kunnskap om menneskevennleg byplanleggjing. Attraksjonsverdien til tettstadene blei tatt som ein sjølvfølge og planleggjarane fokuserte på andre ting, først og fremst plass til bilisme, som den gongen var eit relativt nytt fenomen. Planleggjarane forlot løysingar som hadde fungert i fleire århundre og innførte radikale løysingar som var uprøvde og for lite gjennomtenkte.

Vangen er planlagt etter ein teoretisk modell med store manglar. Vernakulære og tradisjonelle løysingar, slik dei til dømes er beskrivne av vossaarkitekten Arne Berg i «Norske Gardstun» er blitt tilsidesatt.

Vossevangen bryt i dag med mange prinsipp for menneskevennlegheit. Vangen er difor blitt folketomt trass i omfattande regional turisme og eineståande beliggenheit.

Turistar på Voss ynskjer å møta noko som liknar ein europeisk landsbyidyll, men møter i staden ein bilbasert og folketomt tettstad.

Nyare forskning gir klare indikasjonar på at menneskevennlege tettstader gir innbyggjarane betre humør, betre somatisk og psykisk helse og lengre levealder (Susan Pinker: «The Village Effect»). Dette fordi mennesket er ein sosialt art som trivst best i sosiale miljø.

Det er semje om at attraktive tettstader styrker turismen og er avgjerande for å utvikla eit innovativt og sterkt næringsliv (Jane Jakobs, Michael Porter, Richard Florida).

Attraktive tettstader gir også betre og tryggare oppvekstvilkår og mindre kriminalitet.

Det er med andre ord svært uheldig at Vangen ikkje er menneskevennleg og attraktivt.

Det er naudsynt at all nybyggjing skjer med eit overordna ansvar for å auka attraksjonsverdien utover eigen bygning.

Innspel.

1. Innspel til Hestavangen.

Hestavangen var i gamle dagar ein militær ekserserplass og utgjer i dag ein av aksane som er sentrale i den gjeldande reguleringsplanen. Aksen gjennom Hestavangen har visuell forlenging mot Bordalen.

Aksetenking er uvesentleg for å oppnå menneskevennlegheit og er ein estetisk kvalitet som ikkje er viktig for trivnad. Hestavangen er overdimensjonert og eignar seg til militærparader, men bidreg negativt for landsbylivet.

Hestavangen er med andre ord uheldig og råflott sløsing med sentrumsareal. I fylgje arkitekt Jan Gehl, som er ein av verdas mest anerkjente byplanleggjarar, er ein attraktiv plass for mennesket helst mindre enn omlag 40 gonger 80 meter, noko som tilsvare Hestavangen nord for Uttrågata. Til dømes har Campo dei Fiori, den mest kjende marknadsplassen i Roma, samme storleik som Hestavangen nord for Uttrågata. Det paradoksale er at Campo dei Fiori er stor nok for Roma.

Hestavangen sør for Uttrågata er svært dårleg ivareteken. Plassen blir dominert av asfalt, biltrafikk, parkeringsplassar og bilvegen ligg til overmål i det mest solrike området. Mjuke trafikantar, som kryssar plassen på veg til skule og fritid, har helst dårlege vilkår.

Hestavangen manglar alt som kan gje ly mot vær og vind, noko som er uheldig på våre breddegradar.

Utsikten mot Bordalen er prioritert høgare enn faktorar som bidreg til sosialt liv.

Ytterlegare negativt for Hestavangen er det at dei arkitektoniske og funksjonelle kvalitetane på bygningane rundt plassen er blitt neglisjerte i høve til menneskeleg attraksjonsverdi. Den tidlegare gamleheimen har svært dårleg utforming med tanke på bylivskvalitet og den nye bygningen som erstatta den tidlegare enkjeheimen, har endå dårlegare kvalitet mot Hestavangen. Bygget vender ryggen mot Hestavangen og bidreg dermed til avliving av gatelivet.

Bjørn Brunborg AS har eigarskap til eigedom i det søraustre hjørnet av Hestavangen. Desse eigedommane er det i dag vanskeleg å utvikla fordi Hestavangen sør for Uttrågata har spesielt dårleg plan og kvalitet. Så dårleg som Hestavangen framstår i dag, er det lite fornuftig å byggja for bustadføremål.

Brunborg AS ber difor om løyve til å planlegga og realisera ein heilskapeleg reguleringsplan og utbyggingsplan for Hestavangen sør frå og med Uttrågata til gravplassen. Modellen for prosjektet vil eventuelt fylgja tilrådingane frå til dømes Peter Butenschøn (Jfr. kap. 12 i «Byen-en bruksanvisning») og vil i samsvar med dette eventuelt bli eit samarbeidsprosjekt mellom planmyndigheitene og fleire lokale investorar.

Bjørn Brunborg AS ynskjer å leggja vekt på vekt på:

- Trygg trafikk med mest mogeleg skilje mellom bilisme og mjuke trafikantar. Biltrafikk vil ein prøva å leggja under bakkenivå og eventuelt kombinera med parkeringsareal og annan trafikkavvikling.
- Menneskevennleg målestokk og arkitektur. Utbyggingsøkonomi vil bli nedprioritert i forhold til landsbykvalitet. Kjent forskning omkring menneskevennlegheit og vernakulære tradisjonar frå vossaregionen skal vera premissgjevar for utforminga. Alle plassar og gater vil bli intime og attraktive. Alle definerte møteplassar vil få sol og ly mot vind og takhøgder og husplassering vil bli tilpassa dette. Bygningane vil få gode proporsjonar og vennlege fasadar og både hus og plassar vil bli fleksible og enkle å bruka til ulike føremål. Det vil bli brukt fleire lokale arkitektar og husa vil få individuell utforming og området vil på denne måten få karakteristisk identitet.

Innspel til Torget og Tre Brør.

Bjørn Brunborg AS har eigarskap til Tre Brør (Hålandshuset) og næringsareala i Gamlameieriet. Dette området er restar av gamle Vangen frå før krigen og har gode kvalitetar.

Stallgata er eit triveleg byrom og Tre Brør har ein fin uteplass i nordenden av torget.

Eit stort problem for både Stallgata og Tre brør er at torget har dårleg utforming. Det åpne torget manglar veggjar og er omkrinsa av biltrafikk. Mangelen på veggjar gjer at torget blir eit kjedeleg krysningsområde (eit gåande menneske skal helst ha nye stimuli på kort avstand kvart femte sekund). Mangelen på veggjar fører også til at torget blir oppfatta som lite lunt og trygt, delvis fordi det kjem i konflikt med menneskeleg orienteringsadferd (tigmotaktisk adferd, som tyder at me, i likheit med andre artar, føretrekkjer å orientera oss og bevega oss langs kantane av åpne plassar) og delvis fordi synsavstandane blir for lange og det blir dårleg skjerming mot vær og vind..

Ein ytterlegare negativ faktor er at torget er omringa av biltrafikk. Ved sida av at biltrafikk er støyande, blir biltrafikk ubevisst oppfatta som trugande og det gjer at opphaldstida og trivselen på torget blir ytterlegare redusert, særleg for familiar der foreldra stressar med å passa på born.

Bjørn Brunborg AS ynskjer at torget skal omsluttast av bygningar og at det skal vera åpningar i og mellom desse som stimulerar til vidare utforsking av området. Døme på korleis dette kan gjerast, framgår til dømes av boka «The Concise Townscape» av Gordon Cullen.

Bjørn Brunborg AS ynskjer også at torget skal stengast for gjennomgangstrafikk for bilar.

Sjølv om tiltaka ovanfor vil vera svært gunstig for Vangen, er det mykje som tyder på at næringsliv og politikarar vil gå inn for desse løysingane, i alle fall ikkje endå. **Bjørn Brunborg AS ynskjer difor å utvida Tre Brør slik at det bli ein meir samanhengande vegg i nordenden av torget.** Dette vil føra til betre driftsvilkår og lettare tilkomst for Tre Brør som næringsverksemd.

Meir generelt vil den ovannemnde torgveggen skjerma for vind frå Ringheimsvegen under tunnellundergangen og mot støy frå trafikken langs denne vegen. Torget vil difor bli oppfatta som lunare og tryggare. Tiltaket vil også føra til at det blir ein meir spennande fasade å bevega seg langs på torget og dermed styrka gangtrafikken mellom sentrumsområda rundt torget. Når det nye kommunikasjonsknutepunktet for jernbane og Hangursbanen vert ferdig, blir det viktig å styrka kvalitetane langs ganglinjene mellom Vangsgata og trafikknutepunktet.

For Stallgata vil ein husvegg mot Ringheimsvegen bli meir spennande og forsterka Stallgata som byrom fordi synsflatene (husveggane) kjem nærmare. (Jfr. Jan Gehl si bok «Livet mellom husene»). Ein slik vegg vil få kveldssol og vil også få attraktiv utforming. Stallgata og Ringheimsvegen vil fylgjeleg bli betre definert og vil bli oppfatta som tryggare, meir intim og meir attraktiv. Optimal plassering og utforming av ein eller fleire åpningar i husveggen mellom Ringheimsvegen og Torget vil styrka kommunikasjonen mellom områda.

Voss, 2. mai 2018

Mvh Bjørn Helge Brunborg

Bjørn Brunborg AS